



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 26.06.2018  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 111/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 112/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 113/18	<b>Kommuneplanen sin arealdel - gjennomgang av førebels konsekvensanalyse</b>
PS 114/18	<b>Tilskot til Volda Rullarlaug AD</b>
PS 115/18	<b>Månadsrapport mai 2018</b>
PS 116/18	<b>Søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement i Volda sentrum 2. juni 2018</b>
PS 117/18	<b>Kompensasjonsmidlar for høgre arbeidsgjevaravgift – disponering</b>
PS 118/18	<b>Tv-aksjonen 2018 - oppretting av kommunekomiteé</b>
PS 119/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 98/18	<b>Presentasjon frå byggenemnda om arbeidet med kulturhus</b>
OS 99/18	<b>Vidare saksgang hovudreinseanlegg Volda sentrum</b>
OS 100/18	<b>Referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna 15.06.18</b>

**PS 111/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 112/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

# Kommuneplanen sin arealdel

Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel held på med konsekvensutgreiinga til arealdelen. Konsekvensutgreiinga vert ikkje ferdig til møtet 26. juni, men prosjektgruppa kjem til å velje ut nokre sentrale tema, og presentere arbeidet så langt det har kome. Det vert ikkje sendt ut noko dokument på førehand, men det vert ein presentasjon og gjennomgang i møtet, med rom for spørsmål undervegs.

Ein ferdig konsekvensanalyse vil verte presentert for formannskapet over ferien.

Prosjektgruppa skal presentere utkast til plan for regionalt planforum 29. august. Målet med møtet i regionalt planforum er å medverke til gjensidig informasjon, avklare konkrete spørsmål og sektorinteresser og førebyggje konfliktrar. Prosjektgruppa ynskjer at formannskapet er representert på dette møtet, gjerne ved ordførar. Planforum vert halde på fylkeshuset i Molde.

## Vedlegg:

1. Konsekvensanalyse\_mal

## Konsekvensutgreiing av utbyggingsområde

<b>Område nr. xx - Områdenemning, grunnkrins</b>		
Eigedom:	Kartutsnitt gjeldande kommuneplan/nytt forslag	
Formål i dagens kommuneplan:		
Gjeldande reguleringsplan:		
Foreslått formål:		
Areal:		
Forslagsstillar:		
Skildring av tiltak:	Kartutsnitt - flyfoto med områdeavgrensing.	
<b>Utgreiingstema</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Konse kvens</b>
<b>Miljø</b>		
Forureining	Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i nærleiken. Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.	
Landbruk og jordressursar	Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal; tap av produksjonsareal, driftsulemper m.v.	
Naturmangfald og naturmiljø	Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.	
Kulturminne og kulturmiljø	Vurdering av om utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.	
Landskap	Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Vurdering av om ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.	
Energiforbruk og energiløysingar	Vurdering av om ny utbygging kan gi auka energiforbruk.	
Klimaendringar	Vurdering av om det er eller om ny utbygging vil gi utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.	

Vassmiljø og verna vassdrag	Vurdering av om ny utbygging kan gi negative konsekvensar for verna vassdrag eller andre vassmiljø.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Vurdere om ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.	
<b>Samfunn</b>		
Transport og trafikk	Vurdering av om nye utbyggingsområde må vere trafikk sikre og fungere i forhold til vegsystemet.	
Teknisk infrastruktur	Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.	
Folkehelse	Vurdering av mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.	
Estetikk og arkitektur	Vurdering av om ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.	
Barn og unge	Vurdering av om utbygging kan komme i konflikt med verdiar i barn og unge sine oppvekstområde	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Vurdering av om tiltaket er i samsvar med arealstrategiane.	
<b>Samla vurdering og ev. avbøtande tiltak eller alternativ</b>		
Samla vurdering av konsekvensar med forslag til oppfølging eller utgreiing på reguleringsplannivå.		
<b>Konklusjon:</b> Oppsummering		



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot

Arkivsak nr.: 2012/567

Arkivkode: C11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/18	Formannskapet	26.06.2018

### TILSKOT TIL VOLDA RULLARLAUG AD

#### Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune gir eit tilskot til Volda Rullarlaug AS på kr. 51 300 for 2018. Tilskotet vert finansiert av formannskapet sine reserverte løyvingar for 2018. Restramme på løyvingar etter vedtak er då kr. 213 700.

#### Vedleggsliste:

- Oppdatert sponsorliste Volda Rullarlaug AS
- Nedbetalingsplan lån Volda Rullarlaug AS

#### Uprenta saksvedlegg:

#### Samandrag av saka:

Volda kommune har gitt kommunal garanti på lån til Volda Rullarlaug pålydande 2,8 mill kroner i 2018. Delar av lånet er nedbetalt og den kommunale garantien er pr i dag på 1,2 mill kroner. Volda Rullarlaug tok kontakt med Volda kommune i desember 2017 for å informere om utfordringar med økonomien. Etter at det vart opna innandørs hall for skatemiljøet er sponsorinntektene redusert, noko som gjer det vanskeleg å betale inn kapitalkostnadar på lånet. I slutten av januar var ordførar og økonomisjef i møte med Sparebank1 og Volda Rullarlaug der tema var dei økonomiske utfordringane til Rullarlaug.

I møtet vart vi einige om at Volda Rullarlaug skulle ta ei runde med eksisterande sponsorar for så å gi ei tilbakemelding på sponsorinntekter for 2018. Når desse inntektene vart kjent skulle Volda kommune legge fram sak til formannskapet for å vurdere eit ekstra tilskot til Rullarlaug for 2018. Eksisterande tilskot som ligg i budsjettet utgjer kr. 30 000 pr år.

#### Saksopplysningar/fakta:

Volda Rullarlag har i 2018 ei forventning om å få 115 000 kr i sponsormidlar. I tillegg kjem driftstilskotet frå Volda kommune på 30 000 kr og medlemsinntekter. Saman med Sparebank1 har økonomisjef hatt en gjennomgang av nedbetalingsplan og inntekter for avklaring på økonomi og uteståande 2018. Ein føresetnad for utrekningane er at sponsormidlar i vedlagt oppsett kjem inn. Gjer dei det vil Volda Rullarlag mangle kr 51 300 for å klare sine forpliktingar knytt til lånet som Volda kommune har stilt garanti på.

### **Vurdering og konklusjon:**

Skateparken til Volda Rullarlag er ein populær park og eit attraktivt fritidstilbod for både unge i volda og i nabokommunane. Parken og Rullarlaget vert i dag drifta av styret som består av både vaksne og aktive som gjer dette som dugnad.

Volda kommunestyre vedtok i sak 86/13kommunal garanti til Rullarlaget. I frå saka den gong kan vi lese:

«Skating er ein aktivitet som har hatt stor auke dei siste åra. Det er viktig at det vert lagt til rette for at denne aktiviteten kan gå føre seg i trygge omgivingar, og ikkje som i dag, der det meste går føre seg i området med biltrafikk. Aktiviteten er i stor grad eigenstyrt. Det er viktig i ei tid då stadig større delar av barn og ungdom si tid vert organisert. Eit godt tilbod for skatarar vil auke aktiviteten mellom dei ungdomane som i dag fell utanfor organisert idrett, og soleis vere eit godt supplement til det organiserte idrettstilbodet. Eit skateanlegg vil bidra til å auke aktiviteten på det flotte aktivitetsområdet ved stadion. Volda sentrum vil med utbygginga av dette anlegget og fotballhallen, ha eit samanhengande aktivitets område frå Mylnefallet og til Årneset som inneheld eit variert tilbod av aktivitetar. Etter mitt syn vil tilbodet vere unikt i norsk samanheng. Tiltaket vil bidra til å styrke Volda sin attraktivitet som bu kommune, og ikkje minst bidra til å utvikle Volda som aktivitets og helsekommune»

Volda kommune har stilt garanti på lånet til Volda Rullarlag. Dette forpliktar kommunen og det er ein økonomisk risiko å gi slike garantiar. Dersom lånetakar ikkje held sine forpliktingar er det kommunen som gjennom sin garanti er ansvarleg.

Volda Rullarlag meiner å ha mista sponsorar som følgje av ny innandørs skatehall. Likevel arbeider ein målretta for å halde inntektene oppe. For 2018 så klarer ein ikkje å skaffe nok inntekter. Om Volda kommune aukar driftstilskotet frå 30 000 kr til 81 300 kr i 2018 vil kapitalkostnadar for lånet verte betalt som planlagt, og Rullarlaget vil ikkje ha med seg uteståande inn mot 2019. Dersom 2019 også vert utfordrande må Volda kommune vurdere å auke driftstilskotet årleg, eller vurdere andre alternativ.

Vi rår til at ein i denne omgang gir Volda Rullarlag eit ekstra tilskot på kr. 51 300 for år 2018.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Sjå vurdering over

### **Økonomiske konsekvensar:**

Volda kommune har stilt garanti på lånet til Volda Rullarlag. Dette forpliktar kommunen og det er ein økonomisk risiko å gi slike garantiar. Dersom lånetakar ikkje held sine forpliktingar er det kommunen som gjennom sin garanti er ansvarleg.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**



Rune Sjurgard  
Rådmann

Kari Mette Sundgot  
Økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

## Volda Rullarlaug AS / Sponsorliste for 2018

Selskap	Kontakt pers	Årlig sum eks. mva
Tussa Kraft AS	Ann Kristin Einbu	20 000,-
Høgskulen i Volda	Jakob Kjøde	25 000,-
Studentsamskipnaden	Jan Henning Egset	10 000,-
Drive Trafikkskule AS		10 000,-
Sparebank1	Lillian Breivik	50 000,- inkl. mva

## Levetid på avtale

---

2017-19

2017-19

2014-18

2016-20

Forhandling om ny avtale pågår

Fra: Kari Mette Sundgot[kari.mette.sundgot@volda.kommune.no]  
Sendt: 25.05.2018 15:52:18  
Til: Sunniva Utnes  
Tittel: VS: SV: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS

---

Kan du legge denne eposten inn på sak 2012/567?



**Kari Mette Sundgot**

Økonomisjef  
Økonomi  
Mobil 906 01 680  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Åsmund Teigen Vaage  
**Sendt:** mandag 16. april 2018 10:15  
**Til:** Kari Mette Sundgot ; Ivar Otto Kristiansen ; Reidar Haug  
**Emne:** SV: SV: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS  
Hei Kari Mette,

Vedlagt finner du en oppdatert sponsorliste.  
Ifølge listen har vi 65 000,- sponsorpenger som er avtafestet.  
Dersom vi tar høyde for at Sparebanken er med videre (det har vi gode signal på) så har vi totalt 115 000,- i sponsorinntekter i 2018 (noe av SB avtalen er mva.)

Nå har jeg ikke kikket på nedbetalingsplanen til Ivar Otto, men eventuelt mellomlegg mellom sponsorsum og sum nedbetaling iht. nedbetalingsplanen, blir Volda kommune sitt utlegg.

**Åsmund Vaage**

Daglig Leder

Vertikal Service AS  
Tlf: +47 911 90 143  
Furene 24, N-6105 Volda  
<http://www.vertikalservice.no/>



Opprinnelig melding

Fra [kari.mette.sundgot@volda.kommune.no](mailto:kari.mette.sundgot@volda.kommune.no)  
Sendt mandag, 16. april 2018, 09:16:04  
Til: 'Åsmund Teigen Vaage' <[av@vertikalservice.no](mailto:av@vertikalservice.no)>  
Emne: SV: SV: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS  
Flott



**Kari Mette Sundgot**

Økonomisjef  
Økonomi  
Mobil 906 01 680  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Åsmund Teigen Vaage [<mailto:av@vertikalservice.no>]  
**Sendt:** mandag 16. april 2018 09:10  
**Til:** Ivar Otto Kristiansen <[ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no](mailto:ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no)>; Kari Mette Sundgot <[kari.mette.sundgot@volda.kommune.no](mailto:kari.mette.sundgot@volda.kommune.no)>  
**Kopi:** Jørgen Amdam <[jorgen.amdam@volda.kommune.no](mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no)>; 'Elias Mårstøl' <[elias.marstol@sparebanken.no](mailto:elias.marstol@sparebanken.no)>; 'Vidar Egset' <[vidar.egset@sparebanken.no](mailto:vidar.egset@sparebanken.no)>; " <[reidarhaug@hotmail.com](mailto:reidarhaug@hotmail.com)>; 'Åsmund Teigen Vaage' <[av@vertikalservice.no](mailto:av@vertikalservice.no)>  
**Emne:** SV: SV: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS  
Hei Kari Mette,

Jeg skal få sendt over en liste til deg i løpet av dagen.

Åsmund Vaage

Daglig Leder

Vertikal Service AS  
Tlf: +47 911 90 143  
Furene 24, N-6105 Volda  
<http://www.vertikalservice.no/>



Opprinnelig melding

Fra [ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no](mailto:ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no)

Sendt mandag, 16. april 2018, 08:49:28

Til: Kari Mette Sundgot <[kari.mette.sundgot@volda.kommune.no](mailto:kari.mette.sundgot@volda.kommune.no)> (kopi til Jørgen Amdam <[jorgen.amdam@volda.kommune.no](mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no)>, 'Elias Mårstøl' <[elias.marstol@sparebanken.no](mailto:elias.marstol@sparebanken.no)>, 'Vidar Egset' <[vidar.egset@sparebanken.no](mailto:vidar.egset@sparebanken.no)>, 'reidarhaug@hotmail.com' <[reidarhaug@hotmail.com](mailto:reidarhaug@hotmail.com)>, 'Åsmund Teigen Vaage' <[av@vertikalservice.no](mailto:av@vertikalservice.no)>)

Emne: SV: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS


Hei Kari Mette

Ja det stemmer som du skriver her, og dette er noe vi har jobba med. Eg sendte også ein e-post til banken i forkant av trekk for å få avklart vidare framdrift og sponing. Den eposten er det ikkje gjeve tilbakemelding på.

Eg legg Elias og Vidar i banken på kopi saman med Reidar Haug og Åsmund Våge.

Håper på snarleg møte med Banken – I år vert det god promotering under X2 også ute med parken

Sjå e-post under den er av 04.04.2018 – Sendt med omsyn på tilbakemelding frå banken. Elles har Åsmund oversikt over dei andre sponsorane – ( Åsmund sender du over dette ? )



Helsing

**Fra:** Kari Mette Sundgot

**Sendt:** måndag 16. april 2018 08:34

**Til:** Ivar Otto Kristiansen <[ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no](mailto:ivar.otto.kristiansen@orsta.kommune.no)>

**Kopi:** Jørgen Amdam <[jorgen.amdam@volda.kommune.no](mailto:jorgen.amdam@volda.kommune.no)>

**Emne:** VS: Nedbetalingsplan Volda Rullarlaug AS

Hei,

Fekk denne med Sb1 rett før helga. Vi vart vel også einig i at Volda Rullarlaug skulle sende oversikt over sponsorar og beløp pr i dag og vurderingar inn mot dei neste åra. Viktig at vi får ei oversikt på dette slik at vi veit kva kommunen ev må inn å dekke av kostnader no i år.

Kan du sende meg dette slik at eg får lage sak?



**Kari Mette Sundgot**

Økonomisjef

Økonomi

Mobil 906 01 680

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

**Fra:** Elias Mårstøl [<mailto:elias.marstol@sparebanken.no>]

**Sendt:** torsdag 12. april 2018 13:00

**Til:** Kari Mette Sundgot <[kari.mette.sundgot@volda.kommune.no](mailto:kari.mette.sundgot@volda.kommune.no)>

**Emne:** Nedbetalingsplan Volda Rullarlag AS

Hei Kari Mette,

Viser til møte med Volda kommune og Volda Rullarlag AS tidligare i år.

Som avtalt sender vi over nedbetalingsplan.

Per i dag står der ein restanse på kroner 57.011,-

Det har kome inn ein del sponsorkroner i det siste så godt mulig dette ordnar seg sjølv.

Reknar med Volda Rullarlag AS tek kontakt med dykk om ei har behov for hjelp til å dekke eventuell restanse?

Ta kontakt om de har spørsmål.

Med venleg helsing

## **Elias Mårstøl**

Senior bedriftsrådgjevar

**SpareBank 1 Søre Sunnmøre**

**M** 98287853

**E** [elias.marstol@sparebanken.no](mailto:elias.marstol@sparebanken.no)

**A** Gymnasvegen 2, 6102 Volda

Kundesenter tlf. 70 07 00 00 Alle dagar 07-24

Bedriftssenter tlf. 70 07 00 07 Måndag - fredag 08-16

<http://www.sparebanken.no>

[Facebook](#)|[Instagram](#)|[Twitter](#)

---

### **Nyttige lenker:**

[Bli kunde på nett](#)

[Sjekk kva du bør spare til pensjon](#)

Fra: Kari Mette Sundgot[kari.mette.sundgot@volda.kommune.no]  
Sendt: 25.05.2018 15:52:59  
Til: Sunniva Utnes  
Tittel: VS: Nedbetalingsplan Volda Rullarlag AS

---

Og denne også inn på sak 2012/567



**Kari Mette Sundgot**

Økonomisjef

Økonomi

Mobil 906 01 680

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Elias Mårstøl

**Sendt:** torsdag 12. april 2018 13:00

**Til:** Kari Mette Sundgot

**Emne:** Nedbetalingsplan Volda Rullarlag AS

Hei Kari Mette,

Viser til møte med Volda kommune og Volda Rullarlag AS tidligare i år.

Som avtalt sender vi over nedbetalingsplan.

Per i dag står der ein restanse på kroner 57.011,-

Det har kome inn ein del sponsorkroner i det siste så godt mulig dette ordnar seg sjølv.

Reknar med Volda Rullarlag AS tek kontakt med dykk om ei har behov for hjelp til å dekke eventuell restanse?

Ta kontakt om de har spørsmål.

Med venleg helsing

**Elias Mårstøl**

Senior bedriftsrådgjevar

**SpareBank 1 Søre Sunnmøre**

**M** 98287853

**E** [elias.marstol@sparebanken.no](mailto:elias.marstol@sparebanken.no)

**A** Gymnasvegen 2, 6102 Volda

Kundesenter tlf. 70 07 00 00 Alle dagar 07-24

Bedriftssenter tlf. 70 07 00 07 Måndag - fredag 08-16

<http://www.sparebanken.no>

[Facebook](#) | [Instagram](#) | [Twitter](#)

---

**Nyttige lenker:**

[Bli kunde på nett](#)

[Sjekk kva du bør spare til pensjon](#)

The document you are trying to load requires Adobe Reader 8 or higher. You may not have the Adobe Reader installed or your viewing environment may not be properly configured to use Adobe Reader.

For information on how to install Adobe Reader and configure your viewing environment please see [http://www.adobe.com/go/pdf\\_forms\\_configure](http://www.adobe.com/go/pdf_forms_configure).





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/210
		Arkivkode:	151

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/18	Formannskapet	26.06.2018

### MÅNADSRAPPORT MAI 2018

#### Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapport for mai 2018 vert teke til vitande

#### Vedleggsliste:

#### Uprenta saksvedlegg:

#### Samandrag av saka:

Månadsrapport for mai vert lagt fram til formannskapet før rapporten er ferdig arbeid med i sektorane. Einingsleiarar har rapportert, men sektorleiarane har ikkje ferdigstilt. Rapporten vert difor lagt fram utan kommentarar henta frå rapporteringsverktøyet.

I ferien vert det generert månadsrapportar kvar månad, men det er ikkje sett fristar for rapportering. Neste rapportering med frist vert for august månad, som også vert 2 tertialrapport 2018.

Tala som ligg i denne rapporten er endra etter budsjettrevisjon 1. tertial.

## Saksopplysningar/fakta:

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - PR. MAI 2018					
	Mai 2018	Bud Mai 2018	Avvik mai 2018	Budsjett 2018	Mai 2017
Skatt på inntekt og formue	-106 858 862	-107 413 117	-554 255	-218 100 000	-102 872 454
Ordinært rammetilskudd	-129 864 598	-132 768 000	-2 903 402	-276 600 000	-121 566 394
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-236 723 461</b>	<b>-240 181 117</b>	<b>-3 457 657</b>	<b>-494 700 000</b>	<b>-224 438 848</b>
Eigedomsskatt	-9 452 537	-9 500 000	-47 463	-19 000 000	-8 448 895
Andre direkteog indirekte skatter			0	-700 000	0
Andre generelle statstilskudd	-8 362 334	-8 861 764	-499 430	-32 709 190	-10 622 292
<b>SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER</b>	<b>-17 814 871</b>	<b>-18 361 764</b>	<b>-4 004 550</b>	<b>-52 409 190</b>	<b>-19 071 187</b>
Renteinntekter	-698 386	-625 000	73 386	-2 100 000	-797 348
Utbytte Tussa			0	-4 840 000	-3 910 950
Avkastning plasseringar	-354 187	-375 000	-20 813	-1 500 000	-1 057 770
Renteutgifter/finansutgifter	2 275 868	2 308 747	32 879	22 670 468	3 389 511
Avdrag på lån			0	28 656 128	
<b>NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER</b>	<b>1 223 295</b>	<b>1 308 747</b>	<b>85 452</b>	<b>42 886 596</b>	<b>-2 376 557</b>
Dekn av tidl års merforbruk				0	
Til ubundne avsteningar	41 399 712	41 399 712		1 242 906	21 489 982
Til bundne avsteningar				700 000	
Bruk av tidl års regnsk overskot	-41 399 712	-41 399 712		0	-21 489 982
Bruk av disposisjonsfond				0	
Bruk av bundne avsetninger				-6 865 003	-6 298 966
<b>NETTO AVSETNINGER</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-4 922 097</b>	<b>-6 298 966</b>
Overført til investeringsbudsjettet			0	0	
TIL FORDELING DRIFT	-253 315 036	-257 234 134	-3 919 098	-509 144 691	-252 185 558
Sum fordelt drift fra skjema 1B	250 046 790	250 227 368	180 578	509 144 691	226 557 082
<b>Merforbruk Mindreforbruk</b>	<b>-3 268 246</b>	<b>-7 006 766</b>	<b>-3 738 520</b>	<b>0</b>	<b>-25 628 476</b>

### Frie inntekter

I 1. tertialrapport er det lagt fram budsjettendring på skatt og rammetilskot, der skatteinntekt vert auka og rammetilskot noko redusert. Dette er no korrigert i budsjettet, noko som gjer at vi etter mai ligg 3,4 mill kr under budsjett. Dette heng saman med inntektsutjamning som ikkje er betalt ut. Inntektsutjamning for april og mai kjem i juni og juli:

MÅNAD	2017	2018	BUDSJ. 2018	AVVIK I KR..	AVVIK I %	%-landsgjnsnitt	Inntekts-utjamning
JANUAR	27 540	28 147	27 415	732	2,67 %	84 %	3 595
FEBRUAR	981	1 163	977	186	19,09 %	83 %	512
MARS	34 953	36 557	34 795	1 762	5,06 %	81 %	6 469
APRIL	997	1 916	992	924	93,05 %	81 %	613
MAI	38 401	39 075	38 227	848	2,22 %	78 %	10 180

Overskotet for 2017 er sett av til disposisjonsfondet, og auka inntekter gjennom pensjon og skatt/rammetilskot er etter vedtak i budsjettrevisjonen regulert inn mot bruk/avsetjing disposisjonsfondet.

Samla avvik etter mai er eit meirforbruk på 3,7 mill kr. Ser vi på sektorane ligg nokon med meirforbruk og andre med mindreforbruk:

<b>BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE PR. MAI 2018</b>					
<b>Driftsrammer Sektor</b>	<b>Mai 2018</b>	<b>Budsjett mai 2018</b>	<b>Avvik mai 2018</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Mai 2017</b>
Utgifter	764 382	894 376	<b>129 994</b>	2 234 642	1 027 856
Inntekter	0	-27 493	<b>-27 493</b>	-65 984	
<b>Rådmann</b>	<b>764 382</b>	<b>866 883</b>	<b>102 500</b>	<b>2 168 658</b>	<b>1 027 856</b>
Utgifter	2 477 885	4 004 292	<b>1 526 407</b>	2 551 249	1 099 310
Inntekter	-440 595	-57 562	<b>383 033</b>	-1 031 355	-448 128
<b>Samfunn og rådgjeving</b>	<b>2 037 290</b>	<b>3 946 730</b>	<b>1 909 440</b>	<b>1 519 894</b>	<b>651 182</b>
Utgifter	11 430 864	10 888 831	<b>-542 033</b>	20 450 768	11 281 199
Inntekter	-2 505 951	-1 064 607	<b>1 441 344</b>	-1 677 424	-5 176 507
<b>Personal og organisasjon</b>	<b>8 924 913</b>	<b>9 824 224</b>	<b>899 310</b>	<b>18 773 344</b>	<b>6 104 692</b>
Utgifter	3 634 205	3 886 748	<b>252 543</b>	8 198 573	3 823 009
Inntekter	-778 725	-824 184	<b>-45 458</b>	-1 773 757	-322 108
<b>Økonomi</b>	<b>2 855 480</b>	<b>3 062 565</b>	<b>207 085</b>	<b>6 424 816</b>	<b>3 500 901</b>
Utgifter	5 059 976	4 393 350	<b>-666 625</b>	9 767 312	4 082 640
Inntekter	-78 469	-125 000	<b>-46 531</b>	-300 000	-174 977
<b>NAV Kommune</b>	<b>4 981 507</b>	<b>4 268 350</b>	<b>-713 156</b>	<b>9 467 312</b>	<b>3 907 663</b>
Utgifter	117 948 586	117 828 765	<b>-119 821</b>	257 963 392	114 654 032
Inntekter	-23 612 342	-23 234 355	<b>377 988</b>	-49 748 759	-29 496 513
<b>Opplæring og oppvekst</b>	<b>94 336 243</b>	<b>94 594 410</b>	<b>258 167</b>	<b>208 214 633</b>	<b>85 157 519</b>
Utgifter	116 898 360	113 918 336	<b>-2 980 024</b>	244 552 146	109 473 919
Inntekter	-22 393 827	-23 170 814	<b>-776 987</b>	-57 316 553	-21 475 626
<b>Helse og omsorg</b>	<b>94 504 533</b>	<b>90 747 522</b>	<b>-3 757 011</b>	<b>187 235 593</b>	<b>87 998 293</b>
Utgifter	6 127 512	6 227 684	<b>100 172</b>	13 732 550	5 956 482
Inntekter	-1 452 306	-1 214 503	<b>237 803</b>	-2 260 395	-1 117 649
<b>Kultur og service</b>	<b>4 675 206</b>	<b>5 013 181</b>	<b>337 975</b>	<b>11 472 155</b>	<b>4 838 833</b>
Utgifter	882 650	881 871	<b>-779</b>	3 037 822	793 745
Inntekter			<b>0</b>	0	-55
<b>Politisk verksemd</b>	<b>882 650</b>	<b>881 871</b>	<b>-779</b>	<b>3 037 822</b>	<b>793 690</b>
Utgifter	31 816 535	36 185 734	<b>4 369 198</b>	75 441 086	33 186 047
Inntekter	-13 797 593	-15 469 591	<b>-1 671 997</b>	-39 217 269	-16 140 350
<b>Teknisk</b>	<b>18 018 942</b>	<b>20 716 143</b>	<b>2 697 201</b>	<b>36 223 817</b>	<b>17 045 697</b>
Utgifter	6 247 702	5 546 526	<b>-701 176</b>	23 923 469	5 597 697
Inntekter	-457 629	-70 496	<b>387 133</b>	-23 923 469	45 145
<b>Sjølvkosttenester</b>	<b>5 790 073</b>	<b>5 476 030</b>	<b>-314 043</b>	<b>0</b>	<b>5 642 842</b>
Utgifter	4 714 972	4 847 933	<b>132 960</b>	9 990 485	4 877 526
Inntekter	-694 199	-892 414	<b>-198 215</b>	-2 984 704	-972 613
<b>Utvikling</b>	<b>4 020 773</b>	<b>3 955 518</b>	<b>-65 254</b>	<b>7 005 781</b>	<b>3 904 913</b>
Utgifter	44 742 728	43 163 901	<b>-1 578 827</b>	97 754 857	39 672 494
Inntekter	-49 570 104	-49 554 371	<b>15 733</b>	-97 754 857	-35 886 551
<b>Barneverntenesta (vertsk.)</b>	<b>-4 827 376</b>	<b>-6 390 470</b>	<b>-1 563 094</b>	<b>0</b>	<b>3 785 943</b>
Utgifter	13 730 292	13 730 073	<b>-219</b>	27 460 143	

**BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE PR. MAI 2018**

Driftsrammer Sektor	Mai 2018	Budsjett mai 2018	Avvik mai 2018	Budsjett 2018	Mai 2017
Inntekter	-16 200	0	16 200	0	
<b>Barnevern Volda kommune</b>	<b>13 714 092</b>	<b>13 730 073</b>	<b>15 981</b>	<b>27 460 143</b>	
Utgifter	10 582 880	10 596 361	13 481	42 024 750	9 198 737
Inntekter	-11 218 661	-11 062 023	156 638	-45 930 280	-7 002 644
<b>Fellestenester</b>	<b>-635 781</b>	<b>-465 662</b>	<b>170 119</b>	<b>-3 905 530</b>	<b>2 196 093</b>

**Samfunn og rådgjeving**

Mindreforbruket er knytt til budsjett Nye Volda. Her ser vi at kostnadane truleg kjem meir i slutten av året.

**Personal og organisasjon**

Som vi ser av tabell 1a er store delar av avviket knytt til meirinntekter. Dette er inntekter i form av tilskot knytt til flyktning og skal fordelast ut til andre sektorar som helse og omsorg og opplæring og oppvekst.

**NAV kommune**

NAV har eit stort avvik knytt til sosialhjelp. Vi ser at vi i 2018 har betalt ut meir enn same periode i 2017. Følgjande kommentar frå NAV-leiar:

«Som vi ser, har vi frå 2017 - 2018 (0101 - 3105) hatt ei auke i utbetaling av sosialhjelp til både norske og flyktningar. Auken har likevel vore klart størst i gruppa flyktningar:

\*Norske i perioden (lån er halde utanfor):

010117 - 310517: kr. 770.676,-

010118 - 310518: kr. 1.028.838,-

-----  
Auke: kr. 258.162,-

\*Flyktningar i perioden (lån er halde utanfor):

010117 - 310517: kr. 1.028.838,-

010118 - 310518: kr. 1.513.734,-

-----  
Auke: kr. 414.037,-

Det har vore ei auke i tal flyktningar frå 2017 til 2018:

01.01.17-310517:

- 166 busette + 5 alternativ mottaksplasserte + 7 familiesameinte + 3 som flytta tilbake til Volda etter ei periode i anna kommune
- SUM: 179 flyktningar derav 16 EM (om lag 8 EM har livsopphald gjennom barnevernet) og 2 i fosterheim/institusjon gjennom barnevernet og har livsopphald av barnevernet.
- 73 deltakarar i INTRO + 2 i permisjon

01.01.18-31.05.18:

- 191 busette + 1 alternativ mottaksplassert

- SUM: 192 flyktingar derav 20 EM (om lag 8 EM har livsopphald gjennom barnevernet) og 2 i fosterheim/institusjon som over. 3 er tilflyttarar frå andre kommunar, og kom til Volda som elev/student. Desse har ikkje same rettar som busette flyktingar i kommunen.
- 52 deltakarar i INTRO + 7 i permisjon

Vi fyl statlege rettleiande satsar for sosialhjelp, desse aukar noko kvart år. Elles ser vi at høge buutgifter, både husleige og høge straumkostnader, påverkar utbetalingane. Også stadig fleire med betalingsvanskar, opparbeiding av gjeld (m.a. både straum- og husleigerestansar) medverkar til auken.»

Avviket i sosialhjelp er ikkje regulert gjennom 1. tertialrapport. Om utviklinga held fram gjennom sommaren vil det vere naudsynt å auke rammene til sosialhjelp i 2. tertialrapport.

### **Helse og omsorg**

Helse og omsorg har eit meirforbruk etter mai månad på 3,75 mill kr. Det vi ser er at variable tillegg etter påske er utbetalt gjennom mai løn. I fjor kom denne i juniløn og budsjettet er dermed ikkje korrekt periodisert. I tillegg så er der eit etterslep i refundert sjukeløn. Sommarmånadane med ferieavvikling og tillegg (utbetaling helligdagar mai) er kostbare for sektoren. Det er viktig at vi gjennom desse månadane har oversikt på økonomien. Einingsleiarane er oppmoda om å nytte rapporteringsverktøyet både etter juni og juli månad.

### **Teknisk sektor**

Sektoren har eit mindreforbruk på vel 2,7 mill kroner. Dette skuldast etterslep i planlagt vedlikehald i eigedom. Dette skal gjennomførast og sektoren meiner at ein ved årsslutt vil gå i balanse.

### **Sjukefråvær**

<b>SJUKEFRÅVÆR VOLDA KOMMUNE PR MAI 2018 (akkumulert)</b>			
	jan-mai 2018	jan-mai 2017	År 2017
Samfunn og rådgjeving	1,83	0	3,59
Personal og organisasjon	6	5,1	4,33
Økonomi	0,99	1,7	2,05
Opplæring og oppvekst	9,6	7,43	7,19
Helse og omsorg	11,74	12,78	12,1
Service og kultur	3,53	3,38	3,45
Politisk verksemd	0	0	0
Teknisk	12,63	10,17	8,28
Sjølvkosttenester	8,95	2,23	3,33
Utvikling	3,7	10,78	11,33
Barneverntenesta (vertskommune)	9,72	6,9	7,93
<b>Volda kommune</b>	<b>10,18</b>	<b>9,24</b>	<b>8,81</b>

Sjukefråværet jan-mai i 2018 er på 10,18 %. Dette er høgare enn same periode i fjor. Som det går fram av tabellen er sjukefråværet i helse og omsorg redusert med ein prosent, medan det i opplæring og oppvekst er ei auke med over 2 prosent. Barnevernet som er ei noko mindre avdeling har ein nokså stor auke.

**Vurdering og konklusjon:**

Månadsrapporten vert lagt fram utan budsjettkorrigeringar. Neste månadsrapport som gjeld august og 2. tertial vert lagt fram for formannskapet i møte den 18. september.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

**Økonomiske konsekvensar:****Beredskapsmessige konsekvensar:**

Rune Sjørgard  
Rådmann

Kari Mette Sundgot  
Økonomisjef

**Utskrift av endeleg vedtak:****Klageinstans:**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen      Arkivsak nr.: 2016/148  
Arkivkode: 223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
116/18	Formannskapet	26.06.2018

### SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL KULTURELT ARRANGEMENT I VOLDA SENTRUM 2. JUNI 2018

**Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet finn ikkje å kunne imøtekomme søknaden om økonomisk støtte til arrangementet «Linderock» i Volda sentrum.*

**Vedleggsliste:**

Søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement datert 27. mars 2018  
Søknad om støtte til å dekke underskot datert 6.6.18  
Melding om vedtak i tenesteutval for oppvekst og kultur: Fordeling av kulturmidlar  
Kriterie for tildeling av kulturmidlar- vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur sak 10/18

**Saksopplysningar/fakta:**

Erik Tilseth har søkt om kulturell støtte på 50.000 kr til festivalen Linderock som blei arrangert 2. juni i Volda sentrum. Arrangementet var på førehand berekna til om lag 300.000 kr i utgifter. Linderock blei arrangert i sentrum, og hadde fokus på barn og familiar som første del av arrangementet, medan det om kvelden var arrangement for dei vaksne.

Linderock gjekk dessverre med underskot, og Erik Tilseth ber derfor om å få støtte til å dekke underskotet (epost datert 6.6.18).

Formannskapet handsama søknaden om økonomisk støtte 8. mai i år, og meinte at søknaden var å sjå på som ein søknad om kulturmidlar. Det viser seg imidlertid at denne type søknad frå privatpersonar ikkje fell inn under kriteria for kulturmidlar – der det mellom anna er krav til at laget/organisasjonen som søker er registrert med organisasjonsnummer for å kunne få stønad.

Søknaden fekk derfor avlag då Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) handsama saka om tildeling av kulturmidlar 13. juni, og TOK vedtok å sende søknaden tilbake til Formannskapet for ny handsaming.

Volda kommune har i år sett av 200.000 kr til kulturmidlar, og desse blir fordelt av Tenesteutval for oppvekst og kultur i juni kvart år, med bakgrunn i dei vedtekne kriteria for tildeling. Det er ikkje sett av eigne midlar til støtte av arrangement/tiltak fell utanfor «tildelingskrava» til kulturmidlane, og ei evt. økonomisk støtte må dekkast av formannskapet sin disposisjonspost.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er ikkje sett av midlar til støtte av denne type arrangement i budsjettet, og rådmannen rår difor til at det blir gitt avslag på søknaden. Dersom formannskapet vedtek å gje støtte til dette arrangementet, så vil formannskapet sin reservepost bli redusert tilsvarande.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Arrangementet bidrog til å skape trivsel og liv i Volda sentrum.

**Økonomiske konsekvensar:**

Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til denne type tiltak, og tiltaket må evt. dekkast av formannskapet sin disposisjonspost.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Eirik Tilseth



Volda Kommune

Kulturavdelinga

### **Søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement 2. Juni 2018**

Det planleggast ein festival, Laurdag 2. Juni i Volda sentrum, på «Sivert Aarflot`s plassen»  
Volda kommune har gjeve oss løyve her.

Det vil vere eit 2-delt arrangement, der det fyrst på dagen er fokus på barn og familie. Med ulike aktivitetar og framssyningar frå scena. Vi jobbar med å hente inn kjente artistar som vi trur vil fenge breidast mogleg her. Det er og mange planar/idear om å inkludere handelsstanden m.fl lokale krefter i denne delen av arrangementet.

På kvelden vert det arrangement for vaksne. Med fleire ulike lokale band på scena, vert denne delen avslutta med eit av 90`talets mest populære norske band, «Ingenting», frå Sandnes. Det jobbast og her med å skaffe den best moglege bandlista som fenger breidt.

Arrangementet er svært nøye planlagt, og det er lagt særskild stor vekt på proffesjonaliteten i alle ledd. Det er enorme kostnader med innleige av banda, lyd/lys/scene, samt sikkerheit med vakter, mobile toalett m.m. Budsjeterte utgifter er estimert til ca 300.000,-

Vi har eit sterkt ynskje om å gjennomføre dette arrangementet med fornuftige billettprisar, samt å redusere fallhøgda for vår eigen del. Me vonar kommuna ser verdien av eit så stort arrangement midt i sentrum, med stort fokus på barn og familie, og støttar oss i å skape ein ny tradisjon i Volda sentrum.

Me søker om kulturell støtte på kr 50.000,-

Me vonar på snarleg og positivt svar ☺

Mvh

Erik Tilseth

arrangementsansvarleg

Fra: erik@tilseth-as.no[erik@tilseth-as.no]

Sendt: 06.06.2018 11:58:13

Til: Inger-Johanne Johnsen

Tittel: SV: Førebels svar på søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement 02.06.18

---

Hei.

Viser til mottatte svar, der de seier min søknad vil bli behandla innan 10 Mai. Dette er no ei stund sidan, og me har ENDA ikkje fått svar.

Festivalen er no over, og me gjekk med eit solid underskudd.

- Me ber om tilbakemelding på søknaden
- Me ber om informasjon om moglegheiter om å søke «underskuddstøtte»

Høyrer frå deg snarast.

**Mvh Erik Tilseth**

Tlf: +47 992 27 845

[www.tilseth-as.no](http://www.tilseth-as.no)

---

**Fra:** Inger-Johanne Johnsen <inger.johanne.johnsen@volda.kommune.no>

**Sendt:** 5. april 2018 17:36

**Til:** erik@tilseth-as.no

**Emne:** Førebels svar på søknad om økonomisk støtte til kulturelt arrangement 02.06.18

sjå vedlegg.



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Formannskapet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/514	8282/2018	223	SVK/ BENTKRO	15.06.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORDELING AV KULTURMIDLAR 2018**

Vi melder med dette frå at tenesteutval for oppvekst og kultur den 13.06.2018, hadde føre  
ovannemnde som sak 27/18, der det vart gjort slikt vedtak om søknad frå Linderock:

**Kulturarrangement i sentrum ( Linderock)**

***Jamfør prinsippa for tildeling av Kulturmidlar, fell søknaden om stønad til kulturarrangement i sentrum utanfor det vi har høve til å gje kulturmidlar tid. Tok sender difor saken tilbake til formannskapet . TOK meiner at dette er eit tiltak av slike kvalitetar Volda kommune bør støtte.***

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



# NOTAT

Interne mottakarar:  
Kulturavdelinga Astrid Gjersdal

Interne kopimottakarar:  
Servicekontoret Inger-Johanne Johnsen

**Sak: Kulturmidlar - Volda kommune**

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/2129	4799/2018	223	SVK/BENTKRO	09.04.2018

## SÆRUTSKRIFT. PRINSIPP FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR

### Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda

- 1) Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.*
- 2) Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemskap, vedtekter og vald styre.*
- 3) Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år( med unntak av 2017). Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den ordinære tildelinga.*
- 4) Gjenståande midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.*
- 5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak*
  - retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne*
  - som fleire lag samarbeider om*
  - som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav*
  - som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande*
- 6) Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.*
- 7) Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.*
- 8) Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreiningar.*
- 9) Søkjar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.*

**10) Søknad skal og innehalde prosjektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.**

**11) Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.**

**12) Tenesteutval for oppvekst og kultur gjer endeleg vedtak om kulturmidlar etter tilråding frå administrasjonen.**

**13) Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.**

Sist revidert i Tenesteutval for oppvekst og kultur den 14.02.2018 som sak 10/18.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2018/1207

Arkivkode: 242

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
117/18	Formannskapet	26.06.2018

### KOMPENSASJONSMIDLAR FOR HØGRE ARBEIDSGJEVARAVGIFT - DISPONERING

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Formannskapet syner til at det etter at Stiftelsen Kontoret for Næringslivet vart sletta ikkje er gjort vedtak om kva organ som disponerer kompensasjonsmidlane for høgare arbeidsgjevaravgift.
2. Formannskapet vedtek at ledige midlar frå kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda vert å disponere av styret for Volda næringsforum ved protokollerte vedtak og at kommunen utbetaler midlar i samsvar med pkt. 3 i rammene for bruken (jfr. Vedlegg nr. 1). Før utbetaling skjer vert vedtaket om utbetaling å legge fram for formannskapet til orientering

#### Vedleggsliste:

1. Volda kommune – Stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda Rammer for bruken av kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda . d.s.05.10.00
2. Møtebok 24.08.2011: Stiftelsen Kontoret for Næringslivet
3. Møtebok 30.11.2011: Stiftelsen Kontoret for Næringslivet
4. Årsmelding 2012: Stiftelsen Kontoret for Næringslivet
5. Møtebok 21.08.2013: Stiftelsen Kontoret for Næringslivet – pkt. 5 -7.
6. Vedtak om sletting frå stiftelsesregisteret - Stiftelsen Kontoret for Næringslivet d.s. 25.11.2013

#### Uprenta saksvedlegg:

Ingen

### Samandrag av saka:

Volda Næringsforum har bede om at Volda kommune vurderer om fondet «kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda» kan overførast til Volda næringsforum etter at Stiftelsen Kontor for Næringslivet vart oppheva.

Rådmannen tilrår at styret for Volda næringsforum ved protokollerte vedtak får disponere midlane og at utbetaling skjer i samsvar med pkt. 3 i rammene for bruken (jfr. Vedlegg nr. 1)

### Saksopplysningar/fakta:

Volda Næringsforum har bede om at Volda kommune vurderer om fondet «kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda» kan overførast til Volda næringsforum etter at Stiftelsen Kontor for Næringslivet vart oppheva.

Rådmannen ynskjer at saka vert lagt fram for kommunale organ for orientering og avgjerd.

### Litt Historikk:

- Volda kommune fekk saman med Ørsta og nokre andre kommunar utbetalt ein kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift på slutten av 90-talet og byrjinga av 2000-talet. Midlane vart utbetalt til kommunane, men det er næringslivet sine midlar, og skal etter tilsagnsbrevet frå departementet vere «...brukerforankret».
- I Volda og Ørsta vart det utarbeidd retningslinjer for bruken, som vart sendt til departementet for godkjenning. Departementet tok desse til vitende. Vedlagt fylgjer dei lokale retningslinjene for Volda. Av pkt.c.2 i Retningslinjene går det fram at dåverande «Styre for Næringslivkontoret» disponerer midlane ved protokollerte vedtak.
- 01.01.2006 vart det gjort ei omorganisering av det næringsretta arbeidet i Volda. Dette medførte at «stiftelsen Kontoret for næringslivet» etter 2006 ikkje hadde ordinær drift, men at stiftelsen vart opprettheldt som forvaltar av komp.midlane (jfr. Utgreiing til F.sak 11/12)
- Etter at kommunestyret igjen gjorde vedtak om endring av ROLLE- OG ANSVARSFORDELING AV DET NÆRINGSRETTA ARBEIDET i sak PS 59/12 gjorde årsmøtet/styremøte i «stiftelsen Kontoret for Næringslivet» 21. august 2013 med m.a. tilvising til ovannemnde PS.sak 59/12 vedtak om å oppløyse stiftelsen (jfr. Sak 7 pkt. 4 frå årsmøtet som fylgjer vedlagt til vitende. På same møtet vedtok Stiftelsen å disponere midlar frå kompensasjonsmidlane.
- **25.11.2013** vart Stiftelsen Kontoret for Næringslivet - org.nr. 871 370 842 sletta frå Stiftelsesregisteret. (jfr. Skriv frå Lotteri- og stiftelsestilsynet (jfr. Vedlegg)

Før og etter dette tidspunktet er det ikkje sagt noko om kven som skal disponere kompensasjonsmidlane og vi har såleis berre retningslinjene og tilsagnsbrevet å forhalde oss til.

Til orientering legg eg ved vedtak om oppheving, samt dokumentasjon på sletting av Stiftelsen Kontor for Næringslivet.

### Saldo kompensasjonsmidlar:

Under har eg laga eit oversyn som syner utvikling av fondet etter 2011.

	Utbetalt	Renter	Saldo 31.12	Tildelt (ikkje utbetalt)
2011			4 358 867,00	

2012	Sak 6/11 Utbetalt Stiftelsen Volda Næringsforum	2 000 000,00			
	Kvivsvegen opning m.m.	115 000,00	103 707,00	2 347 574,00	
2013	Utviklingsforum Hovden	7 000,00	61 671,58	2 402 245,58	
	Sentrumsutvikling				1 500 000,00
2014	Ingen tildeling/utbetaling		64 380,00	2 466 625,35	
2015	Ingen tildeling/utbetaling		47 852,53	2 514 477,88	
2016	Ingen tildeling/utbetaling		42 459,82	2 556 937,70	
2017	Ingen tildeling/utbetaling		50 627,07	2 607 564,77	
<b>Til disposisjon</b>				<b>1 107 564,77</b>	

**Av oversynet går det fram at det i 2012 vart utbetalt 2 mill i 2012 (150.000 + 1.850.000) bygt på vedtak i styret for næringslivet i Volda, sak 6 , møte 24.08.11;**

*I samsvar med punkt 1 i sak 5 gjer styret vedtak om å nytte inntil kr. 2.000.000,- av kompensasjonsmidlane til drift av stiftelsen Volda Næringsforum, herunder lønn til dagleg leiar»*

I møte 21.aug 2013, det same møtet der det vart gjort vedtak om oppløysing av stiftelsen, gjorde styret vedtak om at; «Det vert sett av kr. 1.500.000,- frå kompmidlane som næringslivets delfinansiering av sentrumsutvikling.»

Desse midlane er pr. dato ikkje utbetalt, men deler av det vil etter det ein forstår bli refundert etter at det er gjort avrekning i samsvar 3-delingsmodellen (Næringslivet-fylket og kommunen) på m.a. «Elvedalsprosjektet».

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen for kommunen.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

#### **Vurdering og konklusjon:**

Kompensasjonsmidlane vart utbetalt til kommunane og det er kommunen som fører rekneskapen for midlane sjølv om det er næringslivet sine midlar. Midlane skal etter tilsagnsbrevet frå departementet vere «...brukerforankret».

Når det gjeld midlane som ikkje er disponert (jfr. Oversynet lenger oppe), vart det i samband med oppløysing av Stiftelsen Kontoret for Næringslivet så langt ein kan sjå, ikkje gjort konkret vedtak om at styret i Volda Næringsforum skulle få disponere desse, men i årsmeldinga til KFN 2012 går det fram at det er intensjonen, jfr. under avsnitt "framtida", sjå vedlegg 5: Årsmelding KFN 2012

Viser her også til årsmøteprotokollen sak 7, punkt 2, der det går fram at Volda Næringsforum har teke over oppgåvene til stiftelsen Kontoret for Næringslivet, sjå vedlegg: Møtebok 21.8.13



Ut frå det som er sagt ovanfor vil eg tilrå at bruken får ei forankring så langt råd er i samsvar med intensjonen og dei vedtekne rammene for bruken av midlane.

Eg vil såleis tilrå at ledige midlar frå kompensasjonsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i Volda vert å disponere av styret for Volda næringsforum ved protokollerte vedtak og at kommunen utbetaler midlar i samsvar med pkt. 3 i rammene. Før utbetaling skjer vert vedtaket om utbetaling å legge fram for formannskapet til orientering

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Ass.rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

## VOLDA KOMMUNE – STIFTELSEN KONTORET FOR NÆRINGSLIVET I VOLDA (NÆRINGSLIVSKONTORET)

RAMMER FOR BRUKEN AV KOMPENSASJONSMIDLAR FOR HØGARE ARBEIDSGJEVARAVGIFT I VOLDA.

### A. OVERORDNA RAMMEVERK OG PLANAR

1. Bruken av midlane skal skje innfor retningslinene fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet i skriv av 27.06.00.
2. Analyse og plan over prioriterte tiltak gruppert etter samferdsel/infrastruktur, kompetanseutvikling og regional utvikling ligg til grunn i Opus-plan av 14.03.00.

Vidare ligg til grunn analyse for Volda og Ørsta-regionen, datert 12.04.00, med plan for fleire viktige tiltak innfor dei gruppene som kan dekkjast av kompensasjonsmidlar.

### B DEFINISJONAR

#### 1. Infrastruktur

- utbetring og sikring av vegar
- utbetring tilkomst til næringsområde
- utbetring hamneanlegg og samferdselsanlegg som flyplass
- tilrettelegging og planlegging for å utløyse ny aktivitet og sikre eksisterande aktivitet
- sentrumsutvikling
- større idretts-/kulturanlegg
- IKT (utbygging av breibandsnett)

#### 2. Kompetanseutvikling

- tiltak for kartlegging av kompetansebehov
- kanalar for nettverksbygging mellom bedriftene, mellom næringsliv, kommune og utdanningsinstitusjonar
- organisere og gjennomføre konkrete tiltak

#### 3. Regional utvikling

- regional infrastruktur og kompetanseutviklingstiltak (som t.d. flyplass, Eiksund, Kvivsvegen, rassikring, hamneanlegg, regionale kultur-/idrettsanlegg, analysar, profilering m.m.)
- styrkja service- og rådgivingsapparat for næringslivet i regionen
- formalisert samarbeid evt. felles organisasjon for næringskontora og reiselivskontora i Volda og Ørsta

### C. RETNINGSLINER

1. Kompensasjonsmidlane vert overført frå staten til kommunen som plasserer pengane på bunde driftsfond. Rentene vert tillagt fondet.
2. Styret for Næringslivskontoret disponerer midlane ved protokollerte vedtak.
3. Kommunen utbetaler på grunnlag av dokumentasjon frå Næringslivskontoret i samsvar med styret sine vedtak. Overføringa skal tilvisast av rådmannen. Kommunen sin revisjon fører tilsyn med at vilkåra ovanfor vert haldne.
4. Næringslivskontoret konkretiserer grunnlag for disponering av midlane kvart halvår på grunnlag av rammene/planane i del A og B ovanfor. Næringslivskontoret fører rekneskap over disponering av midlane med halvårsrapport til kommunen. Rapportane skal innehalde både økonomisk og kvalitativ informasjon om planlagt bruk og faktisk resultat. Desse rapportane skal nyttast som grunnlagsdokumentasjon for vidare rapportering til departementet.



5. Disse retningslinene/rammene vert oversendt Kommunal- og regionaldepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune og Søre Sunnmøre kommunerevisjon. I tillegg har Volda kommune og stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda (Næringslivskontoret) kvart sitt eksemplar.

Volda, den 5.10.00

Volda kommune

Styret for stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda

Knut Bære  
ordfører

Bjørn Skogen  
styreleiar



År 2011, onsdag den 24. august vart det halde styremøte/årsmøte i stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda. Møtet vart halde i rådhuset frå kl. 18.00.

Følgjande møtte.

Leiar Karl Erik Rønnestad, Ragnhild Aarflot Kalland, Jan Henning Egset og Thor Humberset.

Elles møtte sekr. Per Ernst Lundberg.

### **Sak 1) Godkjenne innkalling**

*Vedtak samrøystes:*

Innkallinga vert godkjent.

### **Sak 2) Godkjenne årsmelding (samla årsmelding for 09/10)**

*Vedtak samrøystes:*

Årsmeldinga vert godkjent.

### **Sak 3) Godkjenne revidert rekneskap 2010**

Revidert rekneskap for 2009 vart godkjent pr. E-post aug. 10.

*Vedtak samrøystes:*

Rekneskapen for 2010 vert godkjent.

Underskotet vert dekkja frå disposisjonsfondet (Eigennett egenkapital).

### **Sak 4) Valg av styreleiar og nestleiar.**

*Vedtak samrøystes:*

Karl Erik Rønnestad vert attvalt som leiar, og Thor Humberset vert valt til nestleiar

### **Sak 5) Vedtekter/ namneskifte.**

*Vedtak samrøystes:*

1. Styret gjer vedtak om å endre vedtektene for stiftelsen Kontoret for Næringslivet i samsvar med alt. 2, rev 24.8.11.
2. Noverande styre i stiftelsen fungerer fram til første ordinære årsmøte, og har fullmakt til å førebu/stå for tilsetting av dagleg leiar.

### **6) Bruk av kompensasjonsmidlane.**

*Vedtak samrøystes:*

I samsvar med punkt 1 i sak 5 gjer styret vedtak om å nytte inntil kr. 2.000.000,- av kompensasjonsmidlane til drift av stiftelsen Volda Næringsforum, herunder lønn til dagleg leiar.



*Your complimentary  
use period has ended.  
Thank you for using  
PDF Complete.*

[Click Here to upgrade to  
Unlimited Pages and Expanded](#)

Møtet slutt.

Per Ernst Lundberg  
Skr.

## MØTEBOK

År 2011, onsdag den 30. november vart det halde styremøte i stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda. Møtet vart halde i rådhuset frå kl. 08.30.

Følgjande møtte.

Leiar Karl Erik Rønnestad, Thor Humberstet, Eiliv Halkjelsvik, Arild Iversen og Jarle B. Krumsvik.

Elles møtte sekr. Per Ernst Lundberg.

### Sak 1) Godkjenne innkalling

*Vedtak samrøystes:*

Innkallinga vert godkjent.

### Sak 2) Omgjering av vedtak sak 5 frå møtet 24.8.11.

Stiftelsesetilsynet har i brev av 4.10. og 4.11.11 nekta endring av stiftelsen sine vedtekter slik styret hadde gjort vedtak om i møtet 24.8.11, sak 5.

*Vedtak samrøystes:*

Styret sitt vedtak i sak 5 i møtet 24.8.11 vert gjort om inkje. Løyvinga gjort i sak 6 i same møte vert stilt til disp. for foreninga Volda Næringsforum, jfr. sak 3 i dette møtet.

### Sak 3) Skipping av foreninga Volda Næringsforum.

*Vedtak samrøystes:*

Styremedlemene er samde om å skipe foreninga Volda Næringsforum, jfr. vedlagde skipingsprotokoll av 30.11.11.

### Sak 4) Ymse.

Jarle B. Krumsvik orienterte om at formannskapet overfor kommunestyret har rådd til m.a. slikt vedtak til møtet 15.12.11 (budsjettsaka):

”Kommunestyret bed administrasjonen lage ei evaluering av endringa som vart gjort når dein flytta ansvaret for det næringsretta arbeidet frå stiftinga kontoret for næringslivet til Volda kommune og legge dette fram for kommunestyret innan 30.mars 2012.”

Møtet slutt.

Per Ernst Lundberg  
Sekr.





Stiftelsen

## Kontoret for Næringslivet i Volda

### ÅRSMELDING 2012.

Stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda vart oppretta ved vedtak i hovudutvalet for nærings saker den 15. mai 1985, og i følgje vedtektene har stiftelsen som føremål;  
".....å vere eit serviceorgan for næringsliv og næringsutvikling i Volda."

Stiftelsen har ein grunnkapital på kr. 40.000,-.

#### 1. Styret

Styret hatt slik samansetjing

1.1.12- 21.8.12. Formann Karl Erik Rønnestad, Thor Humberstet, Arild Iversen, Jarle B. Krumsvik, Jørgen Amdam og Eiliv Halkjelsvik.

21.8.12 – 31.12.12: Formann Torill Hasfjord Bjørneset, Eiliv Halkjelsvik, Thor Humberstet, Arild Iversen, Rune Sjugard og Jørgen Amdam .

#### 2. Administrasjon

Stiftelsen har ingen tilsette, men kommunen v/rådgjevar Per Ernst Lundberg syter for sekretærtjenester.

#### 3. Økonomi

Rekneskapen syner eit underskot på kr. 2.395-. Stiftelsen sin egenkapital pr. 31.12.12 var på kr. 75.866,- ,av dette stiftelseskapitalen på kr. 40.000,- som såleis er intakt. Underskotet vert dekkja fra disposisjonsfondet ("annen egenkapital").

#### 4. Kompensasjonsmidlane:

Stiftelsen sitt styre har ansvaret for forvaltninga av "Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift". Desse midlane står på renteberande konto, og rentene vert tilført kapitalen. Midlane vert ført i kommunerekneskapen som bunde driftsfond på prosjekt nr. 120968.

Når det gjeld bruken av desse midlane, skal dei nyttast til områda infrastruktur, kompetanseutvikling og regional utvikling som lekk i omstilling til høgare avgift.

Det vart i 2012 løyvd kr. 115.000,- i høve Kvivsvegopninga.

Ved utgangen av 2012 har styret til disposisjon unyttta løyving på kr. 1.573.839,-.

## 5. Kontaktpunktet

Stiftelsen sitt styre nemner opp Volda sine repr. til styret for **KONTAKTpunktet**. Det vart halde eit møte i **KONTAKTpunktet** i 2012.

**KONTAKTpunktet** er

- ein møteplass mellom næringsliv, organisasjonar og offentleg verksemd
- ein møteplass for utvikling av kunnskap og erfaringar
- ein møteplass der vi vert kjende og har det hyggeleg saman.

Målet med **KONTAKTpunktet** er å stimulere til nettverksbygging og samarbeid mellom bedrifter og mellom næringslivet og offentleg forvaltning og -service i Volda og Ørsta.

## 5. Framtida:

I årsmøtet 21.8.12/styremøte 4.9.12 vart det gjort ei endring av vedtektene for stiftelsen, slik at desse no er i samsvar med "dagens situasjon" når det gjeld styremedlemer (§4). Ved brev av 9.10.12 vart dette stadfesta godkjent av Stiftelsestilsynet. Vedtektene er soleis i samsvar med Stiftelseslova.

Siste åra har hovudoppgåva til stiftelsen vore å administrere og forvalte "Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift". Når Volda Næringsforum er skikkeleg oppe og går, bør forvaltninga av attverande komp.midlar kunne skje av styret i dette forumet. Forumet er oppretta m.a. ved bruk av nettopp desse midlane. Samarbeidet mellom kommune og næringsliv vil også skje gjennom aktiv deltaking i Volda Næringsforum i åra som kjem.


Ei slik overføring av ansvar til Volda Næringsforum må vurderast fortløpande. Når styret for KFN finn tida mogen for det, kan slik overføring finne stad, og styret kan søkje Stiftelsestilsynet om oppløysing med henvising til lova § 45 og 46 (at stiftelsen ikkje lengar har nokon funksjon, då oppgåvene er teke over av annan organisasjon).

Enn så lenge held stiftelsen fram.

Volda, den 31.12.12

Styret.

Vedteke samrøystes i årsmøte 21.8.12.



Per Ernst Lundberg  
Skr.

## MØTEBOK

År 2013, onsdag den 21. august vart det halde årsmøte/styremøte i stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda. Møtet vart halde i rådhuset frå kl. 08.30.

Følgjande møte.

Leiar Torill Hasfjord Bjørneset, Dan Bjørneset, Rune Sjugard og Jørgen Amdam.

Elles møtte sekr. Per Ernst Lundberg.

### 1) Godkjenning av innkalling

Samrøystes godkjent.

### 2) Godkjenning av årsmelding 2012

*Vedtak samrøystes:* Årsmelding 2012 vert godkjent.

### 3) Godkjenning av revidert rekneskap 2012

*Vedtak samrøystes:* Rekneskapen 2012 vert godkjent. Underskotet vert dekkja frå disposisjonsfondet ("annen egenkapital").

### 4) Val av leiar og nestleiar.

*Vedtak samrøystes:* Torill Hasfjord Bjørneset vert valt til leiar, med Eiliv Halkjelsvik som nestleiar.

### 5) Løyving av midlar til Utviklingsforum Hovden

*Vedtak samrøystes:*

1. Styret for stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda løyver Utviklingsforum Hovden lufthamn v/Ørsta Næringskontor kr. 7000,- frå "Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift".
2. Styret for stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda ber om at dagleg leiar i Volda Næringsforum vert invitert med som medlem i Utviklingsforumet.

### 6) Bruk av kompensasjonsmidlane

*Vedtak samrøystes:*

Det vert sett av kr. 1.500.000,- frå kompmidlane som næringslivets delfinansiering av sentrumsutvikling.

### 7) Opplysning av stiftelsen

*Vedtak samrøystes:*

1. Styret for stiftelsen kontoret for næringslivet gjer vedtak om å løyse opp stiftelsen, jfr. § 45 og 46 i stiftelseslova. Stiftelsen sine midlar vert overført til foreninga Volda Næringsforum.

2. Grunngeving for avviklinga: Foreninga Volda Næringsforum, orgnr. 997 669 665, har som medlemsorganisasjon teke over oppgåvene til stiftelsen Kontoret for Næringslivet, då Volda Næringsforum i sine vedtekter har følgjande føremål:

*"Volda Næringsforum er eit samarbeidsorgan mellom Volda kommune og privat/offentleg næringsliv i Volda. Forumet skal vere med på å fremje vekst og utvikling innan følgjande område:*

- *Industri*
- *Handel*
- *Privat tjenesteyting*
- *Reiseliv*
- *Utdanning*
- *Kommunikasjon*
- *Kultur*
- *Samarbeid i regionen*

*Forumet skal såleis:*

- *aktivt medverke til at næringslivet i Volda får best moglege arbeidsvilkår og utviklingsmuligheiter.*
- *medverke til samarbeid mellom dei næringsdrivande, og mellom næringsdrivande og kommunen*
- *medverke til samarbeid med kommunale, fylkeskommunale og statleg organ.*
- *søkje samarbeid med selskap, lag og organisasjonar og/eller kommunar i regionen i saker som har betydning for utvikling næringslivet i Volda."*

Såleis har Stiftelsen Kontoret for Næringslivet i Volda ikkje lenger nokon funksjon

3. Til avviklingsstyre vert valt:

Leiar Torill Hasfjord Bjørneset, fnr. 030258 43850, Røysbakken 23, 6100 Volda

Arild Iversen, fnr. 241156 41332, Smalebakken 20, 6103 Volda

Jørgen Amdam fnr. 290445 44367, Smalebakken 10, 6103 Volda

4. Det kommunale organ som i si tid oppretta stiftelsen eksisterer ikkje lenger, men kommunale vedtak i 2012 (k-sak 59/12) om organisering av det næringsretta arbeidet i Volda, støttar opp om denne omdanninga

## 8. Ymse

Ingen saker under ymse.

Møtet slutt.


Torill Hasfjord Bjørneset

Jørgen Amdam

Rune Sjurgard

Dan Bjørneset

Per Ernst Lundberg, sekr.



STIFTELSEN KONTORET FOR NÆRINGSLIVET I VOLDA  
Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

## Vedtak om sletting fra stiftelsesregisteret - STIFTELSEN KONTORET FOR NÆRINGSLIVET I VOLDA - org.nr. 871 370 842

Vi viser til tidligere korrespondanse.

Stiftelsestilsynet har fattet vedtak om å slette stiftelsen fra Stiftelsesregisteret.

### 1. Bakgrunn

Stiftelsen ble vedtatt opphevet i Stiftelsestilsynets vedtak av 15.10.2013. Det er gjennomført avvikling i tråd med stiftelsesloven § 52. Stiftelsestilsynet har mottatt den dokumentasjonen som kreves for å slette stiftelsen fra Stiftelsesregisteret, jf. § 52 femte ledd.

### 2. Vedtak

På bakgrunn av dette og med hjemmel i stiftelsesloven § 7, jf. § 48 har Stiftelsestilsynet fattet følgende vedtak:

**Stiftelsen Kontoret for næringslivet i Volda, org. nr. 871 370 842, blir slettet fra Stiftelsesregisteret.**

Stiftelsestilsynet sender en kopi av dette vedtaket til Brønnøysundregistrene, slik at de kan slette stiftelsen fra Enhetsregisteret.

### 3. Klagerett

Dersom dere ønsker å klage på vedtaket, må dere gjøre det innen tre uker etter at dere fikk dette brevet. Send i så fall klagen til Stiftelsestilsynet, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29.

### 4. Mer informasjon

Du finner informasjon om Stiftelsestilsynet og stiftelsesloven på hjemmesiden vår:  
[www.stiftelsestilsynet.no](http://www.stiftelsestilsynet.no).

Med hilsen

*Per Ole Sollie*  
Per Ole Sollie  
seniorrådgiver

*Britt Gundersen*  
Britt Gundersen  
førstekonsulent

**Kopi til:** Brønnøysundregistrene Enhetsregisteret, Postboks 900,8910 BRØNNØYSUND

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Foretaksregisteret
Lotteri- og stiftelsestilsynet Postboks 800 6805 Førde	Storehagen 1B 6800 Førde	57 82 80 00 Telefaks 57 82 80 80	982 391 490 E-post postmottak@lottstift.no







## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Sunniva Utnes

Arkivsak nr.: 2018/1025

Arkivkode: 036

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/18	Formannskapet	26.06.2018

### TV-AKSJONEN 2018 - OPPRETNING AV KOMMUNEKOMITÉ

#### Administrasjonen si tilråding:

*Volda formannskap vel..... til komitéleiar.*

#### Vedleggsliste:

Oppmoding om å opprette kommunekomiteé for TV-aksjonen NRK 2018

#### Saksopplysningar/fakta:

TV-aksjonen i år vert avvikla søndag 21. oktober.

Aksjonen 2018 går til Kirkens Bymisjon. Sjå elles orientering i brev av 18.mai 2018.

Det er tradisjon at formannskapet vel komitéleiar og at frivilligsentralen er sekretariat.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

#### Utskrift av endeleg vedtak:

Den som blir valt  
Frivilligsentralen





Til Volda kommune  
ved ordføreren  
Stormyra 2, 6100 VOLDA

Langevåg Mai 2018

## Oppmoding om å opprette kommunekomiteé for TV-aksjonen NRK 2018

Tusen takk for innsatsen Volda gjorde for TV-aksjonen i fjor!

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon sitt arbeid for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. I år går TV-aksjonen av stabelen søndag 21. oktober.

Med årets TV-aksjon kan Kirkens Bymisjon skape møte som endrar liv. Ved å opne dørar og leggje til rette for at fleire kan møtast, skal vi syne kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik bidra til at fleire får sjanse til å nå eigne mål og draumar. Pengane som bliir samla inn skal skape 700 000 møte mellom menneske.

Kommunekomiteéen er avgjerande for å mobilisere organisasjonar, skular, næringsliv, foreningar, idrettslag og bøsseberarar. Vi håper du vil medverke til at TV-aksjonen i år blir ein knallsuksess ved å ta på deg vervet som leiar for kommunekomiteéen i Volda.

Som leiar for kommunekomiteéen er du ein dørøpnar og eit ansikt utad for organiseringa av verdas største dugnad og innsamlingsaksjon. Komiteéen bør også vere sett saman av ressurspersonar frå kommune, skule, foreningar og næringsliv som kan bidra til å engasjere frivillige og bøsseberarar til årets aksjon. Vedlagt finn du ei brosjyre med forslag til oppgåver og roller som komiteéen kan ta på seg for å mobilisere så mange lokale støttespelarar som mogeleg. Ved å inkludere fleire menneske i komiteéen som kan dele på oppgåvene, blir arbeidet lettare for kvart enkelt medlem.

Når kommunekomiteéen er utnemnt, ber vi om at medlemmane registerer seg på vårt elektroniske registrerings skjema innan **1. juni**. Skjemaet finn de på [blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/](https://blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/)

Det vil bli oppretta ein fylkesaksjonskomiteé i Møre og Romsdal som blir leia av fylkesordføraren eller fylkesmannen. Fylkesaksjonskomiteéen vil fungere som ein regional støttespelar i gjennomføringa av innsamlinga.

Vi gleder oss til eit nytt og spennande TV-aksjonsår, og ser fram til eit godt samarbeid med Volda kommune.

Med venleg helsing,  
Tv-aksjonen NRK Kirkens Bymisjon

Linn Therese Sævik  
Fylkesaksjonsleder  
Telefon 979 83 305

**PS 119/18 Orienteringssaker**

**OS 98/18 Presentasjon frå byggenemnda om arbeidet med kulturhus**

**OS 99/18 Vidare saksgang hovudreinseanlegg Volda sentrum**



HAREIDKOMMUNE

## REFERAT FRÅ

### Felles ordfører- og rådmannsmøte i 7-stjerna

**DATO:** 15.06.18

**STAD:** Melshorn hotell på Hareid

**TIL STADES:** Ørsta ved ordfører Svein Aam og rådmann Wenke Solheim

Volda ved ordfører Jørgen Amdam og ass rådmann Asbjørn Moltudal

Vanylven ved ordfører Lena Landsverk Sande og rådmann Andreas Chr. Nørve

Sande ved ordfører Dag Vågen og kst. Rådmann Oddbjørn Indregård

Ulstein ved ordfører Knut Erik Engh

Hareid ved ordfører Anders Riise og rådmann Ragnhild Velsvik Berge

Foredragshaldar: Geir Vinsand

**FRÅVERANDE:** Rune Sjurgard, Ein Vik Arset

**REFERENT:** Ragnhild Velsvik Berge

#### 1. Stad Skipstunell

Ordfører Lena Landsverk Sande presenterer status i arbeidet med Stad skipstunell, etter at KS2-rapporten konkluderer med negativ nyttverdi på -3,1 mrd. kroner. Lena formulerer eit felles saksframlegg som skal leggest fram for kommunestyra, evt formannskap for vedtak raskast råd.

#### 2. Utvikling av kommunesamarbeidet på Søre Sunnmøre. Om vegval og mulige regionale posisjonar ved Geir Vinsand

- a. Dagens tema er ikkje knytt til diskusjonar om kommunesamanslåing eller samanslutning. Spørsmålet er om det går an å hauste nokre av fruktene ved samarbeid utan å gå til det skrittet å fusjonere. Politisk samordning/felles opptreden og felles fagleg mobilisering.  
Det er viktig å vere merksam på kva som skjer i Ålesund og den øvrige omverden. Kva er gode strategiske grep no i denne fasen det det vert mobilisert. Kva er utenrikspolitikken til kommunen/kommunesamarbeidet ? kva er mulighetene i påvirkningskrafta ? Vi burde til dømes tatt hand om havforvaltninga.



- b. NB: Det skal lagast ei innovasjonsmelding for offentleg sektor i 2020. Det er tid for å tenke samanheng i forvaltninga.
- c. Sektorprinsippet vil alltid stå sentralt i det statlige forvaltning. Det same har fylkeskommunen lagt seg på. Det breie samfunnsperspektivet vil glippe. Den regionale forvaltning må difor i langt større grad forankrast i den kommunale forvaltning.
- d. Frå 36 til 26 kommunar i Møre og Romsdal. Det er ikkje til å leve med for kommunane er så ulike, - frå 2172 innbyggjarar til 65065...
- e. Det vil i det vidare verte ei tospora reform
  - i. Regionkommunar
  - ii. Forsterka interkommunalt samarbeid – kommuneblokker
- f. Fasen framover no er å arbeide på samhandling om tenester, ikkje berre funksjonar
- g. Det kan kome krav om samarbeid for å få tilgang til midlar. Reformene vil rette seg meir mot samarbeidsorgan, og ikkje den enkelte kommune. Det vert pisk og gulrot...
- h. Vi er gode på administrativt samarbeid, men veldig dårlige på politisk samarbeid og mobilisering. Sjå til regionrådet i Nordhordaland. Dei samarbeider om eit stort helsehus for regionen. Lag eit regionalt utviklingsprogram for 7k.
- i. Vi har ei ekstrem rådhusettheit. Mykje paralelladministrasjon = kvar kommune løyser same oppgåvene.
- j. Eksempel på kva som kan vurderast på Søre:
  - i. Felles plankontor (ikkje kommunale, men felles/regionale forhold)
  - ii. Nytt nærings- og innovasjonskontor
  - iii. Helsehus
  - iv. Pedagogisk ressurscenter og utviklingskontor, inkl ansvar for vidaregåande skule
  - v. Eit eller to NAV-kontor med utvida ansvar for arbeidsmobilisering og tiltak
  - vi. Senter for digital tenesteutvikling – jobbe med kva vi konkret skal ha i den enkelte kommune. Tilpasningskompetanse
  - vii. Felles økonomikontor (ikkje strategisk økonomikompetanse for ein må ikkje svekke rådmannsfunksjonen, men funksjonar som lønn, skatt, rekneskap. Burde kanskje brukt dei namna for å få dette til.)
  - viii. Felles brannvesen
  - ix. Felles renovasjonsselskap
- k. Begrepsavklaring er avgjerande viktig ! Mange tek til orde for at vi bør skilje funksjon og kontor, eller avdelingsbegrep
- l. Det er viktig å halde på samarbeidet med Sunnmøre regionråd. Obs Ålesund si rolle kontra omlandet. Vi treng å samhandle tett i dette forumet med ordførar og rådmenn på Søre Sunnmøre, og vi må gå saman om ein felles administrativ ressurs for sakshandsaming og framdrift.
- m. På plansida, areal og transport er det mykje å samordne. Ta ansvaret og be fylkesmannen om planressursar.
- n. Sats på eit helsehus i indre og eitt i ytre
- o. Lag eit pedagogisk utviklingscenter
- p. Gå saman om felles NAV-kontor
- q. Det kan gjerast slik:



- i. Hareid: kommunedelssenter med helsehus og digitale tenester
- ii. Ulstein: region- og administrasjonssenter for ytre
- iii. Herøy kystsenter og vertskommune for ny havforvaltning, blått kompetansesenter
- iv. Sande: kommunedelssenter med regionalt vertskommunesenter, forsøk med ny modell for øyforvaltning
- v. Vanylven: kommunedelssenter med regionalt vertskommuneansvar
- vi. Ørsta: regionsenterfunksjonar og regionalt tyngdepunktansvar
- vii. Volda: regionsenterfunksjonar og regionalt tyngdepunktansvar
- r. Vi bør gå saman om nokre prinsipp eller intensjonserklæring med utgangspunkt i balansert arbeidsdeling
- s. Endra organisering
  - i. Rådmenn må ta ansvar for å leie dette arbeidet, og her må vere ein sekretærressurs.

### 3. Orientering om tingretten i Volda ved sorenskrivar Elisabeth Wiik

Søre Sunnmøre tingrett er ein viktig institusjon for omlandet. Den er nedleggingstruga og det er sorenskrivaren si oppmoding at det politiske miljøet arbeider for å gå saman om å bevare og styrke tingretten. Sorenskrivaren i Ålesund ynskjer å legge ned i Volda. Dette fører til samarbeidsutfordringar som har ført til at Volda samarbeider meir med Molde og Kristiansund.

Det er 66 tingrettar i Norge i dag. Det er ynskje om å få det ned i 19. Her er veldig god rekruttering og stor søkjarmasse. Der er 7 tilsette i Volda i dag. Kvifor er desse så viktige? Mange av dei som arbeider her drar etter ei tid ut og etablerer egne advokatfirma. Desse skaper arbeidsplassar. Her er veldig flinke lokale advokatar lokalt. Det er ingen grunn til å rekruttere frå Ålesund. Jordskifteretten er vel etablert i Ørsta. Det er ein sterk domstol.

### 4. Vegen vidare når det gjeld samhandling i sjustjerne rådmann/ordførar

- ✓ Horningdal vert invitert med i forumet
- ✓ Ein skil mellom det strategiske og det utøvande når det gjeld tenestefunksjonen. Den strategiske dimensjonen skal ligge igjen i kommunane, men vi ynskjer å gå vidare på samarbeid når det gjeld funksjonar. Vi skal samhandle om strategiske grep for sjustjerna. Dette skal skje med utgangspunkt i dette samhandlingsorganet.
- ✓ Vår samhandling vil styrke samarbeidet i Sunnmøre regionrådet
- ✓ Vi må identifisere fellesområde som vi ynskjer å samarbeide vidare om, og huske at ting tek tid
- ✓ Wenke skriv søknad om ein administrativ ressurs
- ✓ Asbjørn lager eit felles saksframlegg for tingretten
- ✓ Neste år lager vi felles uttale til kollektivtransportplanen på fylket
- ✓ Andreas og Lena tek det praktiske ansvaret i høve neste samling som vert i Ørsta.